



Arkivnr: 2016/4239-59

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

## Godkjenning av årsrekneskap 2017

### Samandrag

Rekneskapen for Hordaland fylkeskommune 2017 vert med dette lagt fram til godkjenning.

**Økonomi:** Rekneskapen for 2017 er i hovudsak historie, men gjennom disponering av overskotet kan ein i noko grad påverke utviklinga i lånegjeld og disposisjonsfond.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

### Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2017 vert godkjend.

2. Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av investeringar / redusert låneopptak	53 500 000
Disposisjonsfond (fritt)	53 585 341
<b>SUM</b>	<b>107 085 341</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Partsbrev – Sakshandsaming i kontrollutvalet
- 2 Uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskap 2017 for Hordaland fylkeskommune
- 3 Revisjonsberetning Hordaland fylkeskommune 2017
- 4 Revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2017
- 5 Rekneskapshefte 2017

**Fylkesrådmannen, 14.05.2018****Rekneskapsresultat**

Driftsrekneskapen for 2017 vart gjort opp med eit overskot på 107,1 mill. kr.

Netto driftsresultat gjekk ned frå 248,3 mill. kr (2,9 %) i 2016 til 174,1 mill. kr (2,0 %) i 2017.

**Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond**

Ein kan gje slikt oversyn over avsetjingar og bruk av disposisjonsfond i 2017:

	kr 1 000		
	Avsetjing	Bruk	Netto
Regionalavdelinga	1 068	-5 294	-4 226
Kultur	12 683	-11 716	967
Tannhelse		-2 003	-2 003
Opplæring / skolar	22 028	-30 010	-7 982
Fellesfond (i drift)	143 441	-31 550	111 891
Fellesfond til investeringar		-76 900	-76 900
<b>Total</b>	<b>179 220</b>	<b>-157 473</b>	<b>21 747</b>

Disposisjonsfond er auka med 21,7 mill. kr gjennom året. Både regionalavdelinga, tannhelse og opplæring har redusert sine fond. Dessutan er det brukt 76,9 mill. kr av disposisjonsfond til finansiering av investeringar.

Avsetjinga til «fellesfond» omfattar 25 mill. kr som vart avsett til fond for inndekking av pensjonspremieavvik. I tillegg var ein stor del av overskotet frå 2016 innom disposisjonsfond, før det m.a. vart nytta til finansiering av investeringar.

Ved årsskiftet stod det igjen totalt 220,6 mill. kr i disposisjonsfond. Dette utgjer 2,5 % av driftsinntektene.

**Investeringsrekneskapen**

Det vart investert for 2 501,2 mill. kr. Denne summen inkluderer 141 mill. kr til prosjekt der fylkeskommunen er «bompengeselskap». Revidert budsjett var 2 480,5 mill. kr. Dei viktigaste finansieringskjeldene for investeringane var lån (1 159,4 mill. kr) og bompengar (480,3 mill. kr.)

Når det gjeld meir detaljar om rekneskapen, vert det vist til årsmeldinga og rekneskapshefte.

**Revisjonsmeldinga**

I revisjonsmeldinga, datert 17. april 2018, konkluderer revisor slik:

«Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til fylkeskommunen per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»

**Handsaming i kontrollutvalet**

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen i møte 07.05.2018. Saksførelegget følgjer som vedlegg til saka. I uttalen frå kontrollutvalet finn ein følgjande oppsummering:

- «1. Kontrollutvalet er uroa over at fylkeskommunen si lånegjeld framleis aukar og utgjer ved utgangen av 2017 113,4 % av fylkeskommunen sine årlege driftsinntekter.

2. Kontrollutvalet meiner denne utviklinga ikkje kan halda fram og ser derfor positivt på at ein har trappa opp innbetalinga av avdrag for å bremsa denne gjeldsveksten.
3. Kontrollutvalet er og uroa over at netto driftsresultat i 2017 vart på 2% medan måtalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4%. Kontrollutvalet har og merka seg at i 9 av dei siste 10 driftsåra er netto driftsresultat i Hordaland lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane.
4. Kontrollutvalet har vidare merka seg at administrasjonen har sett i verk fleire prosessar som truleg vil bidra positivt.
5. Kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2017 nr. 19, frå Deloitte.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 17.04.2018 og revisjonsrapport 2017, nr. 19, dagsett 17.04.2018, har kontrollutvalet ikkje merknader til Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2017.»

### **Disponering av overskotet**

I følgje § 48 i kommunelova skal fylkestinget gjere vedtak om disponering av overskotet.

I budsjettvedtaket for 2016 vart det teke inn følgjande punkt: «Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapsoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.» Ein gjer framlegg om at 53,5 mill. kr vert sett av til finansiering av investeringar, for å redusere låneopptak.

Den andre halvdelan er i vedtaket foreslått avsett til disposisjonsfond. Dermed er det opp til fylkestinget om ein vil spesifisere bruken av midlane nærare i denne saka, eller kome tilbake til bruken av midlane ved seinare høve.